



01/26

Januar

INFO REGION MØRE:

Org.nr: 940 325 501
Konto for gaver: 8220 02 85057
Vipps: #10932

Adresse:

NMS Region Møre
Kongensgate 3, 6002 Ålesund
more@nms.no
www.nms.no/more

ANSATTE:

Laila Karin Tusvik Helle
Regionkoordinator NMS (100%)
404 06 060 - lailath@nms.no

May Lisbeth Hovlid Aurdal
Rådgiver misjon og menighet (80%)
452 24 738 - mayha@nms.no

Geir Sakseid
Rådgiver Midtøsten NMS Global (40%)
922 58 714 - geirs@nms.no

Hilde Lervik Langås
Barne- og ungdomsarbeider NMSU (60%)
951 11 821 - hildell@nmsu.no
www.nmsu.no/more
www.nmsu.no/kalender

Regionstyret
Leder: Olav Gading
918 46 026 - olav.gading@gmail.com

Leirsted
Kjeldsund
Tlf: 404 06 061
booking@kjeldsund.no
Daglig leder: Trygve Danbolt Øygard

NMS GJENBRUK

Kristiansund 404 45 410
Molde 404 45 416
Myrvåg 404 45 417
Sunndalsøra 404 45 426
Ulsteinvik 458 75 016
Volda 474 50 117
Ålesund 404 43 460

NMS Region Møre

Laila Karin Tusvik Helle
regionkoordinator



Ny start – vårt første innstikk!

Kort, nyttig, oversiktlig – ditt innstikk frå regionen

Vi er glade for å kunne presentere det aller første innstikket som erstatter vårt tidlegare regionblad. Dette er ein ny måte å dele viktig informasjon på, og vi håpar det blir både nyttig og funksjonelt for dykk.

Innstikket vil i hovudsak gi ei oversikt over innmelde arrangement som skjer i regionen framover. For at dette skal bli så komplett som mogleg, er vi heilt avhengige av at de sender inn informasjon om det som skal skje. Jo meir vi får med, jo betre blir innstikket for alle!

Korleis fungerer det?

- Innstikket kjem tre gonger i året og følgjer med i Misjons-tidende nr. 1, 3 og 5.
- Det blir som dette; eit A4-ark med fargestrykk og grafisk design på begge sider.
- Innhaldet vil vere nøkkel-informasjon om regionen og kommande arrangement for både NMS og NMSU.

Reportasjar og bilete frå arrangement vil framleis bli delt på internett og sosiale media, både av tilsette og frivillige. Innstikket er altså først og fremst ei praktisk oversikt – ein kalender i kompakt format.

Vi håpar de tek godt imot denne nye løysinga og hjelper oss med å gjere den best mogleg ved å sende inn informasjon i god tid. Saman kan vi sørge for at alle får med seg det som skjer i regionen!

Områdestevne for Romsdal område 19. april

Stad: Myrbostad og Elnesvågen

- **11:00** Gudsteneste i Myrbostad kyrkje
- Måltid og resten av programmet blir i Elnesvågen bedehus
- Besøk av Silje Sjøtveit, leder i NMS Avdeling Frivillighet
- Årsmøte og valg
- Misjonsfest
- Informasjon til påmelding for salg av middag kjem etter kvart



Områdestemne for Nordmøre 12.april

Kl 11:00 Gudsteneste i Øre kyrkje

Resten av dagen blir i Torvik-bukt bedehus med middag, årsmøte og misjonsfest.

Asbjørg Oksavik Sve fortel om misjon i Estland både i kyrkja og på misjonsfesten.

Sigurd Haugen talar på festen.

Song av Tone og Lars Olav Leithaug



Områdestemne for Nordre/ Austre Sunnmøre 22. mars

Stad: Valderøy kyrkje

11:00 Gudsteneste

13:00 Middag i kyrkjekjellaren

14:30 Årsmøte

15:15 Kaffi og kaker i kyrkjekjellaren

16:00 Misjonsfest

Besøk av misjonær Anne Storstein Haug som vil dele frå NMS sitt arbeid i Thailand



Områdestemne for Søre Sunnmøre 19. april

Stad: Hareid kyrkje kl 11.00

Middag: Kjeldsund kl. 12.30 - 15.00

Årsmøte: Kjeldsund kl. 14.30

Misjonsfest: Kjeldsund kl. 16.00

Besøk av Nils Endre Eikeland, region-koordinator NMS



Kalender

Scan QR-koden for å få med deg alt som skjer i regionen



Følg også med på heimesida www.nms.no/more og sosiale medier

Lørdag 3. jan.	Julefest	16.00	Kjeldsund
Søndag 4. jan.	Helligtrekongersfest	18.00	Elnesvågen
Søndag 4. jan.	Helligtrekongersfest	17.00	Molde
Søndag 11. jan.	HÅPsdag	11.00	Spjelkavik kyrkje
Onsdag 14. jan.	Fellesmøtet Inkolo A / B	19.30	Spjelkavik krk.kjeller
Lørdag 17. jan.	Trettandedagsbasar	11.30-15.00	Ørsta
Lørdag 7. feb.	Basar	12.30->	Vatne bedehus
Torsdag 26. feb.	Temakveld	20:00	Fredheim /Ulsteinvik
6. - 7. mars	Mannsweekend		Vassbotten/Ytre Tingvoll
Lørdag 7. mars	Kjeldsundbasaren		Kjeldsund
Søndag 15. mars	Misjonsfest	17.00	Sundgot/Ulsteinvik
Søndag 22. mars	Områdestemne Nordre/Austre		Valderøya
Søndag 12. april	Områdestemne Nordmøre		Øre/Torvikbukta
Søndag 19. april	Områdestemne Romsdal		Elnesvågen
Søndag 19. april	Områdestemne Søre S		Hareid/Kjeldsund

Velkommen til leir på Kjeldsund i 2025!

NMSU ønsker at enda fleire skal få oppleve kor kjekt det er å vere på leir!

Hjelp oss å spre informasjon om leir, spons eit barnebarn eller kanskje ein venn av familien?

Vi drøymmer om fulle leirer som gir mange eit møte med misjon og Jesus!

Ledarboost!


I tilknytning til barneleirane har vi eit døgn for ungdom med fokus på vennskap, fellesskap og påfyll!

Visste du at Camp Kjeldsund arrangerast for 10. gong denne sommaren?

Kva? Har du ikkje vore der enda? Da har du sjansen i år!

Dette er leiren for alle – her møtast vi på tvers av generasjonar!

Kom åleine, eller ta med barn, ungdom, barnebarn, fadderbarn, besteforeldre, ei tante eller ein onkel!



15.-17. februar :	Tweensleir – Vinter (5.- 7. klasse)
17.-18. februar:	Ledarboost!
18.-20. februar	Minileir – Vinter (2.- 4. klasse)
20.-21. juni:	Ledarboost!
21.-23. juni:	Sommarfestival (2.- 7. klasse)
7.- 9. august:	Camp Kjeldsund – Leiren for alle!

Påmelding: www.nmsu.no

